

Språkleg svensk vellyst

Sara Stridsberg skreiv ein roman om ei kvinne som er omtala som Amerikas første intellektuelle ludder. For det fekk ho Nordisk Råds litteraturpris.

Ottar Fyllingsnes

ottar@dagogtid.no

Det er sjeldan lett å tippa kven som får Nordisk Råds litteraturpris. I år var ikkje Sara Stridsberg mellom favorittane, og det var kanskje ikkje så rart at ho trudde at folk tulla med henne då ho fekk meldinga om at ho hadde vunne prisen på 350.000 danske kroner. Men i Sverige har Sara Stridsberg fått mykje heider for *Drömfakulteten*; mellom anna Aftonbladets romanpris.

Skaut Warhol

Sara Stridsberg er 33 år og kjem frå Stockholm. *Drömfakulteten* er den andre romanen hennar. Ho debuterte med *Happy Sally* i 2004 og fekk mykje ros for den. Boka handla om Sally Bauer, den første skandinaven som sumde over den engelske kanalen.

I vinnarromanen handlar det om Valerie Solanas, kvinna som skaut Andy Warhol i New Yorkatelieret hans, The Factory, 3. juni 1968. Den kjende kunstnaren kom aldri over dette attentatet, og det gjorde han sjukleg paranoid fram til han døydde i 1987.

Rockemusikaren Lou Reed er ein av dei som aldri har kunna tilgjeva Valerie Solanas for dei tre skota mot venen Andy Warhol. På hyllestplata *Songs for Drella*, som Lou Reed laga saman med John Cale etter at Warhol var død, drøymer Lou Reed om å plassera Valerie Solanas i den elektriske stolen og skru straumen på. «I believe / I would've pulled the switch on her myself», heiter det.

Scum-fragment

I *Drömfakulteten* peikar Sara Stridsberg på at boka ikkje er ein biografi, men ein litterær fantasi. Det er ein roman om ein radikal feminist som finansierer universitetsutdanning i psykologi ved å prostituera seg og sidan skriva mannshatar-manifestet «Society for Cutting up Men». Det er snart førti år sidan Solanas publiserte manifestet som omtalar menn som underlegne og overflødige, og som drøymer om ei verd med berre kvinner. Stridsberg har sjølv omsett manifestet til svensk, og fragment av det er med i romanen – som til dømes:

– Manndom er ein mangelsjukdom, og menn er kjenslemessige krøplingar.

Sara Stridsberg las manifestet grundig først i 2002.

«Jag blev tagen av humoren och lekfullheten. Det var inte så fyrkantigt och endimensjonellt som jag hadde föreställt mig. Man får vara både blind och döv för att missa att det är en satir», har prisvinnaren sagt.

Vibrerande

Drömfakulteten har vorte omtala som ein rå, poetisk, melodramatisk roman merkt av svart humor.

Juryen i Nordisk Råd uttalar seg slik: «*Drömfakulteten* er ein brennande roman med mange djupner. Navet i forteljinga er det ekstremfeministiske ikonet Valerie Solanas og den på mange vis tragiske lagnaden hennar. Stridsberg blandar dokumentarmateriale og fri fiksjon i ein febril, vibrerande prosa. *Drömfakulteten* har undertittelen 'tillegg til seksualteorien', og romanen er eit sviande oppgjer med ulike undertrykkingsmekanismer i samfunnet. Trass i det alvorlege emnet er *Drömfakulteten* ein roman som vert boren fram av ein enorm energi og språkleg vellyst.»

I meldinga av boka i Svenska Dagbladet heitte det at «romanen er brennande som eit kjærleiksbrev, men med ein kjølig iakttakande kjerne lengst der inne».

På dødsleiet

I *Drömfakulteten* tenkjer Sara Stridsberg seg at ho vitjar Valerie Solanas på dødsleiet. Ho held til på hotellrommet på Bristol Hotel i Tenderloin District i San Francisco. Der budde den sjuke 52 år gamle Solanas då ho døydde i april 1988.

Stridsberg tenkjer seg at ho sit der på hotellrommet og konverserer med den døyande. Valerie svarar berre motviljug på spørsmåla, men svara og tankane høyrer truverdige ut, som dei skulle vore tekne frå ei dagbok.

Men det er fantasi.

Bak seg hadde Valerie Solanas opphald både i fengsel og på psykiatrisk sjukehus. I boka bølgyar forteljinga fram og tilbake mellom barndom, oppvekst, rettargang, sjukdom og dødskamp.

I Sara Stridsbergs augo er Valerie Solanas ein paradoksal person; ein valdskritikar, som samstundes prøver å ta livet av Andy Warhol, av di skodespelet hennar *Up Your Ass* vart avvist av The Factory.

Outsider

Den gongen Sara Stridsberg skreiv boka, hadde ho ikkje vore i USA. Først etter at ho var ferdig med manuset, tok ho turen.

– Valerie Solanas er eit viktig symbol for det å stå utanfor. Ho var ikkje berre outsider i den amerikanske kvinnerørsla. Ho stod utanfor dei som var utanfor. Samanlikna med henne er eg ein eksepsjonelt veltilpassa person, har Sara Stridsberg uttala i eit intervju med Svenska Dagbladet.